



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Vinje Løypelag - Søknad om tilskot til ny løypemaskin

Vedlegg

- 1 Finansiering av løypemaskiner og løypevedlikehald [Personleg]
- 2 Vinje Løypelag - Søknad om tilskot til ny løype/preppemaskin
- 3 Vinje Løypelag - Søknad om tilskot til kjøp av ny løypemaskin

Dokument i saka

Bakgrunn

I sak 7/2025 i formannskapet, vart saka om tilskot sendt attende til administrasjonen for å få ein meir heilskapleg oversyn over status og investeringsbehov knytt til løypekøytinga i kommunen.

Det har no vore dialogmøte med alle idrettslag, skuterklubbar og andre aktørar for å drøfte moglegheita for samkøyting og betre utnytting av ressursane.

Det som omhandlar oppgradering av løypenettet må det gjerast meir avklaring rundt og må ev koma som eigen sak seinare.

Det er i førre sak opplyst om kor viktig og stor jobb Vinje Løypelag gjer for å halde eit fantastisk løypetilbod.

Vurdering

Etter førre handsaming har det vore som nemnt eit dialogmøte mellom idrettslaga, skuterklubbane og andre aktørar, der ein gjekk gjennom heilskapen, men ein finn at det er vanskeleg å få nokon effekt av samarbeid. Dette grunna ulike behov og krav i høve til skuter og skiløypene.

Budsjett kjøp av ny løypemaskin:

Utgifter.

Kostnad ny maskin	kr 2.900.000
Renter på lån (MVA lån)	kr 100.000
Totalt	kr 3.000.000

Finansiering.

Sparebankstiftelsen DNB	kr 500.000
Maskin – innbytte	kr 300 000
Eigne midlar	kr 700.000
Kommunalt tilskot	kr 1.500.000
Totalt	kr 3.000.000

Prisen for ny maskin er utan mva. Me må ta opp lån for mva til me får den att i momskompensasjon for lag / organisasjonar, desember året etter kostnaden.

Dette syner stor eigenkapital og monaleg støtte frå Sparebankstiftinga. Men det manglar då kr 1 500 000,-, som det vert søkt som tilskot.

Kommunedirektøren meiner dette med gode løyper er ein av dei viktigaste tiltaka ein har for å styrkje busetnad og folkehelsa, og vil difor rå til å imøtekoma søknaden med kr 1 500 000,- i tilskot. Men òg forskotere heile kjøpesummen inkl mva, om lag kr 3 750 000,- med fråtrekk av eigenkapitalen om lag kr 700 000, slik at dei kan tinge maskina straks. Når løypelaget får attende løyvd støtte frå Sparebankstiftinga, meirverdiavgifta og innbytte m.m. skal dette straks betalast attende til kommunen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune, imøtekjem søknaden med kr 1 500 000,- i tilskot, men forskoterer resten av kjøpesummen med fråtrekk av eigenkapitalen. Dette skal betalast attende straks dei ulike tilskota frå stiftinga, refusjon av mva er mottekne av laget. Inndekning frå næringsfondet.